Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 22.04.2025
Vår ref: 2019/2529
Dykkar dato:
Dykkar ref: 2021/4619

BØMLO KOMMUNE
Rådhuset Leirdalen 1
5430 BREMNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 15

Trekking av motsegn - Revidert planforslag etter mekling – Bømlo, gbnr. 110/329 m.fl., Alvsvåg – Detaljreguleringsplan Naustområde Pøyla

Vi viser til brev frå Bømlo kommune datert 08.04.2025, dykkar ref. 2021/4619-L13, der revidert planforslag for Pøyla naustområde gbnr. 110/329 m.fl., Alvsvåg (PlanID 201705) er lagd ved. Kommunen ber i oversendingsbrevet om motsegna til planforslaget kan trekkast.

Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen i Hordaland) sendte uttale med motsegn til planforslaget i brev datert 11.10.2018. Vi held fast ved motsegna i brev den 04.05.2019, og igjen den 08.06.2020.

Det vart gjennomført mekling den 30.09.2021. Vi viser til resultatet frå meklinga i vårt brev datert 08.12.2021 for den aktuelle planen:

5. Alvsvåg – Pøyla- reguleringsplan for naust – planid 201705
Planforslaget er revidert etter utlegging.

Kommunen vil avgrense utfyllinga i sjø, men også leggje til rette for naust. Kommunen ønskjer å få inn meir grøntområde og friområde, både på land mellom nausta og i sjø, men utan å redusere på talet på naust.
Statsforvaltaren held fast på motsegna om at det er for tung utnytting. Det er tale om å byggje på utfylling i sjø. Utfyllinga må avgrensast og i utgangspunktet meiner ein at talet på både naust og småbåthamner må reduserast. Ein kan eventuelt redusere storleik på nausta for å oppretthalde talet på naust. Ein må få inn mest mogleg grøntområde og friareal både på land og i sjø.

Partane synest einige i å redusere utbygginga i sjø, redusere areal til småbåtanlegg og naust, eventuelt konsentrere dette, for å få inn meir og større grønt-areal i planen og med større friområde i sjøen knytt til grøntområda. Kommunen vil vurdere dette, og Statsforvaltaren vil vurdere heilskapen i eit revidert planforslag.

Konklusjon: Kommunen vil få planen vurdert nærare og kjem tilbake i saka, eventuell med nytt planforslag.

ABO Plan og Arkitektur AS har no revidert planforslaget. Endringane som er gjort er lista opp slik:

- Naustføremåla er redusert og avgrensa til 2–3 naust i rekke.
- Tal naust og flytebrygger er spesifisert i føresegnene.
- Areala mellom nausta er regulert til blågrønnstruktur, der infrastruktur og allmenn tilkomst til sjø er tillate.
- Tiltak i sjø er avgrensa, og føremål for småbåtanlegg er plassert utanfor naustområda.
- Plankart og føresegner er skjerpa for å minimere inngrep, som utfylling i sjø.
- Parkeringsføremålet er redusert og tilpassa tal godkjende naust, med krav om 1 plass per naust, men utan krav om opparbeiding av heile området ved første byggetiltak.



Planforslag datert 08.05.2020 til venstre, revidert planforslag til høgre.

Statsforvaltaren har gått gjennom endringane og det reviderte planforslaget. Samla sett vurderer vi at dei grepa som no er gjort, i tilstrekkeleg grad svarar på innhaldet i meklingsresultatet.

Konklusjon
Revidert planforslag er i samsvar med meklingsresultatet, jf. vårt brev datert 08.12.2021.

Vi har ikkje lenger vesentlege merknader til planforslaget som gir grunnlag for motsegn, og har såleis ingen merknader til at kommunen vedtek planen slik han no ligg føre.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN